



Edgar Liseth
Sjosidevegen 190
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15135 - 20/61873

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.10.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 191/25 Nepstad

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 191/25
Tiltakshavar: Edgar Liseth

Alver kommune har den 04.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert lågt nivå og stor lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sjosidevegen 190, 5914 Isdalstø. Lågt nivå i tanken (ca. 10 cm med vatn i botnen) tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.12.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Edgar Liseth

Sjosidevegen 190

5914

ISDALSTØ